

FRÅ BEKYMRING TIL HANDLING

Tverrfagleg rutine for oppfølging av utsette barn og unge



HJELMLAND
KOMMUNE

Det er ikkje alle barn og unge som har det bra.

Det er ikkje alltid me klarer setje ord på kvifor me er bekymra, nokon gonger er det berre ei kjensle me har. Det me likevel veit, er at jo tidlegare me klarer å hjelpa barnet, ungdommen og familien, jo betre verkar hjelpa.



Dei fleste barn og unge har god nok omsorg, men fordi barn og unge som har det vanskeleg ikkje alltid viser tydelege teikn på det, kan det vera vanskeleg å veta kven som manglar omsorg. Nokon gjev uttrykk for misnøye gjennom utagerande åtferd eller ved å trekka seg tilbake, medan andre framstår om vel-fungerande og gjerne til og med ekstra ressurssterke og tilpassingsdyktige.

Me veit at barn og unge som veks opp med manglar i omsorg – uavhengig av årsak – har auka risiko for psykisk uheld. Dei slit gjerne meir med åtferd og sosial tilpassing, til dømes i barnehagen, på skulen eller i fritida. Dersom me klarer hjelpe desse barna/ ungdommane og familiene deira tidleg er det mindre risiko for at dei får varige skader og problem.

Me må vera bevisste på at me kan ha personlege barrierar både i forhold til samhandling med andre og i forhold til korleis me vel å handtera uro og bekymringar. Mange opplever at dei har høg terskel for å ta opp bekymringar knytt til eit barn/ein ungdom sin trivsel, om barnet har utfordringar i kvardagen, eller i forhold til korleis foreldra handterer omsorgsrolla si.



Det er viktig å ha gode relasjonar med foreldra, men det er ikkje omsynet til foreldra som skal styre kva me gjer eller ikkje gjer.

Ofte kan du stole på magekjensla di dersom du opplever at du er uroleg for om eit barn/ein ungdom har det bra.


EG ER BEKYMRA — KVA GJER EG?



Analyser bekymringa/magekjensla – konkretiser bekymringa og skriv ned observasjonar

- Kva seier magekjensla?
- Kva signal syner barnet—kva har barnet fortalt?
- Kor lenge har du vore uroleg?
- Kor ofte kjem uroa?
- Ved bekymring for vald, overgrep, omskjæring eller bortføring;

Ta direkte kontakt med barnevern eller politi!



Skriv loggbok

Skriv ned observasjonane dine så objektivt og konkret som mogleg i ein logg. Ved loggføring er det viktig å avklare:

- Kor lenge skal det føras logg?
- Kven fører logg, – ein, fleire eller alle?
- Tidspunkt for gjennomgang av logg.

Innhaldspunkt:

- Kva har du sett og høyrte? Når?
- Kva har barnet sagt og gjort? Når?
- Har det skjedd noko spesielt i barnet sitt liv i det siste?
- Har du sjølv sett eller høyrte noko om barnet eller foreldra i privat samanheng som også styrkar magekjensla di?
- Er det noko i samspelet mellom barnet og foreldra som har gjort deg uroleg?
- Kor lenge har du vore uroleg? Kva skal eg sjå etter?

Vurder barnet sin øvrige situasjon

- Relasjon til foreldre/personale/andre
- Omsorgssituasjon
- Følelsesmessig kontakt med personale/foreldre/andre
- Er barnet i akutt fare?
- Finnes det tilgjengelege ressursar i nettverket som kan støtte opp kring barnet?
- Korleis samarbeider foreldra om barnet?

Drøft bekymringa

- Be om ein samtale med leiar din for å drøfte bekymringa kring barnet—konkretiser bekymringa før samtalen.
- Er det grunn til å vera uroleg eller bekymra? Bør det gjerast fleire observasjonar eller kartleggingar?
- Sett ein tidsfrist for ny oppsummering – til dømes om to veker.
- Les gjennom dei alternative handlingsmåtane – A, B eller C— og vurder om det bør gjerast noko i forhold til eit av alternativa.

Planlegg den naudsynte samtalen med barn/ungdom og foreldre

- Snakk med barnet/ungdommen først, så foreldra, eventuelt barn/ungdom og foreldre saman (ikkje ved mistanke om vald og overgrep).
- Tenk gjennom ramma for samtalen (dagsorden, tidsbruk, møtestad, møteleing).
- Presenter faktaopplysningar med fokus på barnet sitt perspektiv – ikkje antakingar og mistanke.
- Deler foreldra bekymringa?
- Husk å loggføre/skrive referat frå samtalen.

Oppsummer samtalen med ein kollega eller leiar

- Vedvarer bekymringa?
- Har bekymringa auka?
- Vel vidare handlingsmåte A, B eller C.



HANDLINGSMÅTE A, B, ELLER C?



Eit viktig spørsmål i forhold til val av vidare framgangsmåte er om tenesta vil trenge bistand frå andre tenestar for å hjelpa barnet og familien – og eventuelt kva for nokre tenestar?

Det kan vera ei viss overlapping mellom dei tre

handlingsmåtane. Bekymringssituasjonen kring barnet eller ungdommen kan endra seg slik at innsatsen som er beskriven i alternativ A må supplerast for å få ei tverrfaglig drøfting – alternativ B – eller at barnevernstenesta likevel må kontaktas – alternativ C – og omvendt.

A. Bekymringa handterast i tenesta

Det vert etablert samarbeid med barnet/ungdommen og familien:

- Tiltak og oppfølging vert planlagt i samarbeid med foreldra.
- Ver konkrete, lag ein plan for tiltaka og skriv referat frå møte.
- Ver tydeleg på kven som har ansvaret for oppfølginga – kven, kva, korleis og når
- Planlegg og forbered oppfølgingssamtalar og møte, set tidsfristar og evaluer tiltak. Tiltaka fortset som dei er, vert justerte eller vert avslutta. Ved behov for andre tenestar nyttast handlingsmåte B.
- Dersom de ikkje vert samde om samarbeid, vurderer ein alternativ B eller C.

B. Det er behov for tverrfagleg drøfting av bekymringa

- Bekymringa vert drøfta i oppvekstteamet. Teamet besluttar kven som skal bistå barnet/ungdommen og familien.
- Det vert laga ein plan for vegen vidare—med klar ansvarsfordeling.
- Dersom de ikkje vert samde kring vidare samhandling vert alternativ C vurdert.
- Foreldra skal i utgangspunktet vera orienterte og ha gitt samtykke til at tenesta ynskjer å drøfte. problemstillingane utanfor eigen teneste. Foreldra kan også inviterast inn til møte i oppvekstteamet.
- Fagpersonar kan drøfte saka anonymt.

C. Bekymringa vert vurdert til å vera alvorleg

- Bekymring vert meldt til barnevernstenesta. Drøft gjerne meldinga med tilsette i barnevernstenesta i forkant og undervegs.
- Foreldra vert informerte om at det vil bli sendt ei bekymringsmelding – **unntak ved mistanke om seksuelle overgrep og fysisk mishandling!**
- Vurder om du skal informere barnet/ungdommen.

NB! Foreldra skal ikkje kontaktas eller ha kopi av melding til barnevernstenesta ved mistanke om at barn og unge vert utsette for seksuelle overgrep og vald. Kontakt då barnevernstenesta eller politiet umiddelbart for drøfting!

Barnevernstenesta i Hjelmeland
51 75 00 00 (tasteval 3)

Barneversvakta
(etter ordinær arbeidstid):
51 89 91 67/51 89 90 00

Politiet:
02800

- Bekymringsmeldinga vert skriven og foreldra vert underretta
- Meldinga vert sendt til barnevernstenesta som vil avklare innan ei veke om det skal opnast undersøking eller om meldinga skal verta henlagt. Dersom det vert opna undersøking vil bekymringa gås gjennom med foreldra i sin heilheit.
- Barnevernstenesta koordinerer og følg opp vidare samarbeid.

VIKTIG!

Hvis leiaren din ikkje ynskjer å gjera noko med ei bekymrings sak, og du som tilsett meiner det er grunn til å tru at barnet vert utsett for omsorgssvikt, vert mishandla eller har vedvarande åtferdsvanskar, skal du i følge lova på eige initiativ sende ei bekymringsmelding til barnevernstenesta.

(Jamfør Helsepersonelloven § 33, Lov om Barnehager § 22 og Opplæringsloven § 15.3)